



## Landbrukskontoret for Sel og Vågå

Landbruks- og Matdepartementet  
Pb. 8007 Dep.  
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 12/1193	Doknr.: -
Mottatt:	7 MAJ 2013 LF/NM
Saksøent:	Ark.: 512.1
Kopi:	Avskr.:

Vår ref.  
2010/151-5

Dykkar ref:


Saksbehandlar  
Bjørn Tore Karlstad  
61293673

Dato  
03.05.2013

### Høring - forskrift om tilskott til drenering av jordbruksjord

Vedlagt følger høringsuttale frå Vågå kommune vedk. ny forskrift om tilskott til drenering av jordbruksjord.

Med helsing

  
Bjørn Tore Karlstad  
Rådgjevar



## Vågå kommune

Arkivsak: 2010/151 -4

Arkiv:

Saksbehandlar:

Bjørn Tore Karlstad

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
23/13	Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning	03.05.2013

### Høyring - forskrift om tilskott til drenering av jordbruksjord

#### Vedlegg:

#### Saksframlegg:

Landbruks- og Matdepartementet har sendt ut på høyring ny forskrift om tilskott til drenering av jordbruksjord. I jordbruksoppgjeret i 2012, som vart stadfesta av Stortinget i Prop. 122 S, vart det bestemt at det skulle setjast av 100 millionar kr til tilskott til grøfting. Som grøfting er rekna lukka dreneringsgrøfter og opne grøfter for oppsamling og bortleiing av vatn, profilering (overflateforming av jordbruksareal med opne grøfter på sidene), samt omgraving (omsnuing av jordprofilen for drenering av areal og forbetring av bæreevne).

Midla blir fordelt til fylka ut frå andel fulldyrka areal, men kornareal og grønsaks- og potetareal blir tillagt dobbel vekt. Fylkesmannen fordelar midla vidare til kommunane, og dei har valt same fordelingsnøkkel mellom kommunane som departementet har nytta i si fylkesfordeling. Oppland har fått tildelt 9,2 millionar kr, og av dette blir om lag 250 000 kr avsett til Vågå.

Tilskottet skal berre gjevast til fornying av grøfter. Det er forslag om eit tilskott på 1 000 kr pr. dekar grøfta areal, og det er sett vilkår om at søkjar må utarbeide Miljøplan trinn 2 for å søkje tilskott (Miljøplan trinn 2 er knytt til særskilte miljøformål i jordbruket, og skal innehalde målsetjing for miljøinnsats, planar for tiltak og dokumentasjon på gjennomføring av tiltak).

I forskrifta er det vidare forslag om at ved anna grøfting enn systematisk grøfting, kan det gjevast 10 kr pr. løpemeter grøft, avgrensa til 1 000 kr pr. dekar. Tilskottet må vere på minst 5 000 kr pr. søknad for at det skal bli utbetalt.

Det er kommunen som skal ta imot tilskottssøknadane og fatte vedtak om tilskott. Fylkesmannen er klageinstans. Kulturminnemyndigheitene skal uttale seg når tiltaket kan røre ved interesser innafor deira fagområde. Det skal ikkje gjevast tilskott til grøfting som er starta før tilskott er innvilga. Dersom det blir søkt om meir midlar enn det som er tilgjengeleg, skal tiltak som både gir auka jordbruksproduksjon og reduserer faren for vassforureining prioriterast.

I jordbruksoppgjøret i 2012 vart det brot mellom Staten og faglaga. Følgeleg var det Staten sitt tilbod som vart ståande og vedteke av Stortinget, og faglaga fekk ikkje innverknad på avtaleteksta. Forskrifta har vorte svært forseinka, m.a. pga. avklaringar med Miljøverndept. som hadde synspunkt på tilhøvet til moglege kulturminner i jorda som kunne bli påverka/øydelagde av dreneringa.

### **Vurdering:**

Det er svært positivt at det no er kome eit statleg tilskott til grøfting. Behovet er stort, noko ikkje minst dei siste åra med mykje nedbør har synt. I Vågå har det sidan 2008 vore kommunalt tilskott til grøfting. Der kan det gjevast inntil 2 500 kr pr. dekar til grøfting. Tilskott pr. meter (ved ikkje-systematisk grøfting) har ligge på om lag 21 kr.

Normal kostnad ved systematisk grøfting ligg på pluss-minus 6 000 kr pr. daa. Dette tilsvarar om lag 50 kr pr. meter. Kostnaden ved enkeltgrøfter (som stort sett er det som er aktuelt i vårt område) ligg på om lag 70 kr. pr. meter, noko som tilsvarar 8 400 kr pr. daa. Det er mest aktuelt med tilskott pr. løpemeter i Vågå, då det er svært lite systematisk grøfting.

Tilskottet kunne med fordel vore større då det i dei fleste tilfella i Vågå vil kunne dekke berre om lag 14 % av kostnadene. Kostnaden pr. meter er større ved enkeltgrøfter enn ved systematisk grøfting.

Kravet til minsteutbetaling på 5 000 kr er for høgt. Med eit tilskott på 10 kr pr. meter, vil ein måtte grøfte 500 m for å kunne få tilskott. I 2012 var det 7 av 11 søknader om kommunalt grøftetilskott i Vågå som omfatta mindre enn 500 meter med grøfting. Tilskott til grøfting er lagt innunder SMIL-ordninga (Spesielle Miljøtiltak i Landbruket). Der er det ikkje fastsett minsteutbetaling i forskrifta, men ein har praktisert ei grense på 1 000 kr. Ein ser det som naturleg at dette også blir nytta for grøftetilskottet.

Vilkåret om at tilskott berre kan gjevast til fornying av grøfter bør fjernast. Sjølv om det største behovet nok er på tidlegare grøfta areal der grøftene no må fornyast, vil det også vere areal som tidlegare ikkje har vore grøfta som har behov for grøfting. Dei siste åra med blaute somrar har vist dette. Eit forventa blautare klima framover vil forsterke denne trenden. Omsynet til eventuelle kulturminner i jorda som kan skadast av grøfting, bør heller ikkje vere eit hinder for grøfting av tidlegare ugrøfta areal. Ein har sidan 1997 hatt ei forskrift om nydyrking der omsynet til evt. kulturminner i jorda er ivareteke. At ein ikkje skal kunne få tilskott for å grøfte fulldyrka jord som i årevis har vore nytta, er ikkje hensiktsmessig.

### **Rådmannens innstilling:**

Vågå kommune meiner det er svært positivt at det no blir ei statleg tilskottsordning for grøfting av jordbruksareal. Behovet er stort, og det er viktig å kunne støtte opp om og stimulere til grøfting.

Kommunen ser imidlertid at forslaget til forskrift inneheld nokre punkt som ikkje er hensiktsmessige, og som bør endrast. Ein vil difor foreslå at følgjande endringar blir gjort:

- Tilskott til anna grøfting enn systematisk grøfting aukast frå 10 til 20 kr pr. løpemeter
- Minste utbetaling blir redusert frå 5 000 kr til 1 000 kr pr. søknad
- Tilskott kan også gjevast til tidlegare ugrøfta areal

## Saksprotokoll i Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning - 03.05.2013

### Behandling:

#### Rådmannen la fram nytt forslag til vedtak

### Vurdering:

I § 4 står det at «Ved annen grøfting (enn systematisk grøfting) kan det gis 10 kr pr. løpemetere grøft begrenset oppad til 1 000 kr pr. daa.».

Avskjæringsgrøfter i overkant/øvre del av eit jorde kan berøre eit stort areal ved at ein hindrar vatn frå å renne nedover. Ein har i slike tilfelle ei einskild grøft som utløyser eit lite tilskott, medan grøfta faktisk har verknad på og drenerer eit større areal. Førre gong det var statleg tilskott, var det praksis for å berekne «berørt areal» og rekne tilskott etter dette i staden for pr. meter. Dette bør også vere tilfellet no.

### Rådmannens forslag til innstilling:

Vågå kommune meiner det er svært positivt at det no blir ei statleg tilskottsordning for grøfting av jordbruksareal. Behovet er stort, og det er viktig å kunne støtte opp om og stimulere til grøfting.

Kommunen ser imidlertid at forslaget til forskrift inneheld nokre punkt som ikkje er hensiktsmessige, og som bør endrast. Ein vil difor foreslå at følgjande endringar blir gjort:

- Tilskott til anna grøfting enn systematisk grøfting aukast frå 10 til 20 kr pr. løpemetere
- Ved avskjæringsgrøfter kan **berørt areal** vere grunnlag for tilskottsutrekning
- Minste utbetaling blir redusert frå 5 000 kr til 1 000 kr pr. søknad
- Tilskott kan også gjevast til tidlegare ugrøfta areal

### Vedtak:

Vågå kommune meiner det er svært positivt at det no blir ei statleg tilskottsordning for grøfting av jordbruksareal. Behovet er stort, og det er viktig å kunne støtte opp om og stimulere til grøfting.

Kommunen ser imidlertid at forslaget til forskrift inneheld nokre punkt som ikkje er hensiktsmessige, og som bør endrast. Ein vil difor foreslå at følgjande endringar blir gjort:

- Tilskott til anna grøfting enn systematisk grøfting aukast frå 10 til 20 kr pr. løpemetere
- Ved avskjæringsgrøfter kan **berørt areal** vere grunnlag for tilskottsutrekning
- Minste utbetaling blir redusert frå 5 000 kr til 1 000 kr pr. søknad
- Tilskott kan også gjevast til tidlegare ugrøfta areal